# KRAFT MUSEET

# ÅRSRAPPORT 2022



*Kraftmuseet – Norsk vasskraft- og industristadmuseum, er ei stifting  med eigne vedtekter og styre. Museet har hovudkontor i Naustbakken 7 i Tyssedal, og har arenaer og publikumstilbod både i Tyssedal og Odda.*

*Museet vart stifta 9. desember 1988 som Odda Industristadmuseum. Stiftinga vart utvida i år 2000 og skifta namn til Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum. Etter museumsreforma, fekk museet i 2003 status som konsolidert museum, og eit tematisk ansvarsmuseum. I 2018 bytte museet namn til Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum. Gjennom å vera ein del av NVE si museumsordning, har Kraftmuseet konkrete oppgåver på nasjonalt plan.*

Følgjande verksemder, institusjonar og organisasjonar er stiftarar av Kraftmuseet:

Odda Kommune, Odda Smelteverk AS (nedlagd 2003), Norzink as (no: Boliden Odda AS), K/S Ilmenittsmelteverket (no: Tizir Titanium & Iron AS), AS Tyssefaldene, Odda og omland faglige samorganisasjon (no: LO i Indre Hardanger), BKK, Bjølvefossen ASA (no: Elkem Bjølvefossen AS), DNN Industrier AS, E-CO Vannkraft AS, Eidfjord kommune, Norsk elektriker- og kraftstasjonsforbund (no: EL & IT Forbundet), Energibedriftenes Landsforening (no: Energi Norge), E-verkenes fagforening Vestlandet, Haugaland Kraft AS, Hardanger og Voss regionråd (no: Hardangerrådet), Herdlandsfoss Kraftverk (no: overført til BKK), Hydro Energi Røldal-Suldal, Indre Hardanger Kraftlag (no: Hardanger Energi AS), Kvinnherad Energi AS, Lederne, Landsorganisasjonen i Noreg, Norsk Institutt for vannforskning (NIVA), NHO Hordaland, Norsk Arbeidsmandsforbund, Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), Norsk kjemisk industriarbeiderforbund (no: Industri Energi), Norges Ingeniør og Teknologorganisasjon (NITO), Norske Sivilingeniørers Foreining (no: Tekna), Odda Energi AS, Prosessindustriens landsforening (no: Norsk Industri), Statkraft Energi AS, Sunnhordland Kraftlag AS, Ullensvang herad.

*Museet arbeider etter følgjande føremålsparagraf vedteken av stiftarane 11. april 2000:*

***Museet skal samla inn og dokumentera, sikra, driva forsking og formidla historie knytt til elvar og vatn, vasskraftproduksjon, elektrisitet, kraftkrevjande industri og industristaden.***

***Det er eit overordna mål å syna mennesket i høve til heim, arbeidsplass, samfunn og natur. Museet skal vekkja interesse for og samla materiale om vasskraftproduksjon og kraftkrevjande industri sine verknader på samfunnet: Teknisk, økonomisk, sosialt, politisk, kulturelt og miljømessig, gjennom formidling og undervisning, mellom anna knytt til museumsanlegget i Folgefonngata.***

***Museet har som mål å bli eit nasjonalt senter for kunnskap og rådgjeving om norsk vasskrafthistorie, og historie knytt til kraftkrevjande industri og samfunnet ikring. Museet har òg som mål å bevara, forvalta og formidla kunnskap om det nasjonale kulturminnet Tyssedal Kraftanlegg (Tysso I).***

# INNHALD

1. Organisasjonen

2. Økonomi

3. 2022 – eit rekordår

4. Samling og dokumentasjon

5. Formidling

6. Mangfald og inkludering

7. Forsking, utvikling og nettverksarbeid

8. Administrasjon og drift

9. Vegen vidare

Årsrekneskap

# 1. Organisasjonen

| | |
|---|---|
| **Styret** | Rolf Nesheim, styreleiar (Vestland fylkeskommune) |
| | Trude H. Letnes, nestleiar (styreoppnemnt) |
| | Toralv Mikkelsen, (Ullensvang kommune) |
| | Tore M. Sellæg (Norsk Industri) |
| | Hans Henrik Haukaas (Statkraft) |
| | Dijana Saga (LO i indre Hardanger) |
| | Ingunn Olsen Mossefin (Kraftmuseets Venner) |
| | Gro Tyssedalstveit Kollbotn (tilsette sin representant) |
| | Observatør Art Verhage (NVE) |
| **Direktør** | Liv Eirill Evensen |
| **Administrasjonsleiar** | Mette Haraldsen (konst. dir. 01.01.22-31.07.2022) |
| **Avdelingsleiarar** | Svein Jåstad |
| | Åsne Dolve Meyer |
| **Revisor** | Ullensvang Revisjon AS ved statsaut. revisor Nils Magnus Berge |

Styret hadde 4 ordinære og 1 ekstraordinært styremøte i 2022 og handsama i alt 32 saker.

Ved Kraftmuseet vart det i 2022 utført 15,80 årsverk, i tillegg kjem frivillig innsats som er stipulert til 0,50 årsverk. Av 16 faste tilsette vart det utført 13,70 årsverk ved Kraftmuseet. Tilsette på engasjement, korttidstilsette og sysselsette utførte 2,10 årsverk, gjennomført av i alt 12 personar.

Kraftmuseet arbeider for likestilling mellom kjønna - organisatorisk, sosialt og lønsmessig. Fordelinga av menn og kvinner mellom dei fast tilsette pr. 31.12.2022 er 5 menn og 10 kvinner (ein tilsett i permisjon). Tre kvinner og ein mann utgjer leiinga ved museet. Kvinneandelen i styret er 50 %.

Kraftmuseet hadde i 2022 eit sjukefråvær på 2,9 % mot 2,1 % i 2021. Det legemeldte sjukefråværet var på 2,4 % mot 0,9 % i 2021. Korttidssjukefråværet gjekk frå 1,2 % i 2021 til 0,5 % i 2022. Det var ingen arbeidsulukker i 2022.

Museet samarbeider med ei rekkje aktørar, som NVE, Ullensvang kommune, Riksantikvaren, Vestland Fylkeskommune, Statkraft, AS Tyssefaldene og ulike museum. Visit Hardangerfjord er samarbeidspart innan reiseliv og marknadsføring, og lokalt jobbar me tett saman med Trolltunga Active og turistkontoret. Museet samarbeider med lokale verksemder og næringsliv, og prøver i størst mogleg grad å kjøpe varer og tenester lokalt. *Kraftmuseets venner* er også ein viktig samarbeidspartnar for museet.

*Framsida: Vision of the fjords passerer museet. Foto: Åsne Dolve Meyer, Kraftmuseet.*

# 2. Økonomi

Kraftmuseet gjekk inn i 2022 med stor uro. Vi hadde to vakante stillingar, ei av desse var direktørstillinga. Straumprisane steig stadig til nye høgder og vi var usikre på kva året ville bringe. Vi la opp til eit år der det ikkje var rom for dei store kostnadane. Vi la mellom anna planane for opprusting av dei svært medtekne arbeidarbustadane i Folgefonngata på is.
Samstundes heldt vi eit høgt påtrykk og nivå i søknadsarbeidet, vedlikehald av andre bygg, utoverrett verksemd og samlingsarbeid, slik det går fram av denne årsrapporten.
Kraftmuseet baserer drifta på offentlege tilskot, men har i fleire år hatt ei positiv utvikling når det gjeld eigeninntekter. Desse kom til ein førebels kulminasjon i 2022, då eigeninntekter på sal av billettar, varer og tenester, samt utleige passerte 4 millionar. Til samanlikning var inntektene i 2021 på 1,7 millionar og budsjett 2022 på 3,1 millionar.
Auka eigeninntekter og straumstøtte, samt seinka kostnadar m.a. til vedlikehald, bruk av premiefond til pensjonspremiar og vakante stillingar gjorde at vi landa i 2022, men det har kosta. Vi har no endå større etterslep på vedlikehaldet i museumsanlegget i Folgefonngata, og vi har slitne tilsette som har oppretthalde høgt tempo trass i vakansar. Vi har mykje arbeid å ta igjen, og dette har vi teke høgde for i disponeringa av museet sitt resultat som vart eit overskot på 2,2 millionar. Vi har sett av over 1,850 millionar til bunden eigenkapital til vedlikehald og utvikling av museet. I budsjettet for 2023 planlegg vi store vedlikehaldsprosjekt både i Kraftstasjonen i Tyssedal og i heile anlegget i Folgefonngata. Vi ser óg at det framleis vil bli vanskeleg å budsjettere rett m.o.t. straum- og fjernvarmekostnadar, men vi skal vere godt rusta til å møte desse utfordringane ei tid framover. Etter styret si meining gjev den framlagde rekneskapen og balansen eit rett bilete av stoda til stiftinga Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum pr. 31.12.2022.

# 3. 2022 – eit rekordår

Kraftmuseet opplevde besøksrekord sommarsesongen 2022, med over 16 000 besøkande i perioden mai til august. Vi får besøkande frå nær sagt heile verda. Det som er spesielt positivt med den auka pågangen, er at dei som kjem til museet ofte veit litt på førehand om kva som vil møte dei. Dei har kjennskap til at «den kvite bygninga» på kaia i Tyssedal er ein kraftstasjon, og dei har gjerne tankar om ting dei lurar på før dei kjem til oss.

Samstundes har kraftsituasjonen og dei høge straumprisane vorte sentrale tema i folk sine liv. Dei stiller fleire spørsmål enn tidlegare, og ønskjer å forstå kvifor og korleis kraftprisane har endra seg så mykje. Kraftsituasjonen i Europa er verkeleg midt i det tematiske formidlingsfeltet til Kraftmuseet. Dette er ei utvikling som óg stiller nye krav til oss. Vi må kunne gå i djupna på det krafttekniske når det trengst.




*Figuren viser totalt besøk pr. år dei siste fire åra, og andel besøk i sesong.*

Samstundes som alle besøksrekordar er slåtte, har straumprisane, som også Kraftmuseet er underlagt, heile vegen lagt ein dempar på begeistringa.

Norges Museumsforbund har gjennom året arbeidd for straumstøtte og hjelp til musea. Signal frå regjeringa om straumstøtte kom seint på året. Vestland fylkeskommune fordelte ekstraordinære driftsmidlar til musé og kulturbygg i oktober, noko som kom godt med. Kommunal og nasjonal straumstøtte (søknadsbaserte ordningar) vart tildelt museet i fyrst i veke 51.


Hardanger Folkeblad

MENY

**- Vi utvider sesongen etter tidenes rekordsommer**

*Hardanger folkeblad, 08.09.22.*

# 4. Samling og dokumentasjon

Kraftmuseet forvaltar mange viktige materielle kulturminne, med Tysso I kraftverk, bygg på Smelteverkstomta og arbeidarbustadene i Folgefonngata som dei mest framståande.

Per 31.12.2022 eigde me, eller hadde ansvaret for, 27 bygg, 1 verna fartøy, 12 300 registrerte gjenstandar, fleire hundre intervju, vel 150 kulturhistoriske filmar, kring 160 000 fotografi og ei biblioteksamling med ca. 5 200 einingar. Museet har ei samling av 326 privatarkiv.

Det vert arbeidd frå Vestland fylkeskommune si side med planlegging av eit felles stormagasin for dei konsoliderte musea i Vestland.

**Arkiv**

Kraftmuseet har hittil registrert 100 arkiv i Arkivportalen ASTA, ei løysing som gjer at publikum kan sjå at me har dei, og kva dei inneheld. I 2022 vart 33 småarkiv registrerte inn i ASTA, og museet har motteke 8 arkiv. Nokre av desse er tilvekst til tidlegare mottekne arkiv.

Vi hadde 28 rekvisisjonar frå publikum. Dette er eit relativt høgt tal, og nokre av sakene har vore arbeidskrevjande.

Ordning av Boliden-arkivet hadde hovudprioritet i Industriarkivet, og mange tilsette er involverte i arbeidet med dette arkivet. Vi er no i siste fasen av prosjektet, og i 2022 vart innhaldet i den siste eska med arkivmateriale pakka opp, reingjort og sett i hyller. I Bolidenarkivet ligg det fleire arkiv for dotterselskapa Larvik Pigmentfabrikk AL, Hardanger byggeselskap AS, Norzink Technology og Odda Recycling AS. Desse ligg på vent og skal ordnast om me får høve til det i 2023. Fagmiljøa innanfor arkiv har vist stor interesse for prosjektet, og Siri Jordal heldt foredrag om Bolidenarkivprosjektet på Arkivforbundet sin privatarkivkonferanse 14.-15. november.

Bolidenfoto vart pakka ned og sendt til Nasjonalbiblioteket (NB) for massedigitalisering, og avtale om fotosamlinga vart underteikna med NB. Fotoprosjektet er finansiert med støtte frå Arkivverket og Boliden Odda AS. Sjølve digitaliseringa hjå NB er ein del av samfunnsoppdraget deira.

Prosjektet med digitalisering og tilgjengeleggjering av Teikningsarkiv Odda Smelteverk AS er óg kome skikkeleg i gang. Prosjektet er støtta av Arkivverket.

Museet fekk i 2022 ei viktig tinging: ordning av privatarkivet til AS Tyssefaldene. Oppgåva har stor samfunnsmessig betyding, sidan vi slik får bidra til å ta vare på historia til AS Tyssefaldene for ettertida. Dette er også eit heilt spesielt oppdrag for oss, sidan det gjeld eigaren av dei kulturhistorisk sentrale bygga vi leiger i Tyssedal. Arbeidet vert å utføre i 2023.

  

*Arbeidet med Boliden-arkivet involverte mange tilsette i 2022, her representert ved Frode Olsen og Sissel Solesnes. Museet sende ca. 5000 negativ frå Boliden til Nasjonalbiblioteket for massedigitalisering. Foto: Siri Jordal, Kraftmuseet.*

**Foto**

Kraftmuseet har vel 17 000 foto tilgjengeleg på Digitalt Museum (DM). Det er tydeleg at DM er mykje nytta, både blant privatpersonar, organisasjonar og forlag. 83 857 brukarar var innom Kraftmuseet sine objekt på DM i 2022. Dette er ei god auke frå 2021, då talet låg på vel 54 000.

Kraftmuseet leverer ein god del foto til bøker og artiklar. Nedlasting frå DM til privat bruk er gratis.

I 2022 har vi prioritert arbeidet med å oppgradere kvaliteten på informasjon og søkeord til bileta i DM, framfor å registrere nye foto. Dette er eit ledd i det viktige arbeidet museet gjer for kvalitetsheving av registreringar og utarbeidd dokumentasjon, slik at flest mogeleg objekt skal oppnå eit tilfredsstillande registreringsnivå jfr. gjeldande standard. I overkant av 800 foto på Primus/DM har til no fått ei naudsynt oppgradering med tanke på informasjon og historikk til kvart foto i basen. Arbeidet er særs omfattande då dette gjeld om lag 20 000 foto, men gjennomgangen er heilt naudsynt. Oppgraderinga av registreringar vil fortsetje og verte prioritert innan vi registrerer nye foto.

DM er ein portal ut mot publikum, og etter kvart er denne vorten modernisert, noko som skal gjera det lettare for publikum å finne fram.

Museet har tinga DAMS (Digital Assets Mangement) for fotolagring og deling, og er i gang med arbeidet med å legge inn foto som dei tilsette sjølv har tatt.

**Gjenstandar**

Det har vore eit stort behov for gjennomgang og rydding av gjenstandslageret i Bygg 026 ei tid, og i haust fekk vi endeleg starta dette arbeidet. Gjennomgangen har gjort det enklare å lokalisere

gjenstandar, sidan vi har fått rydda vekk og kassert ting som ikkje er verd å ta vare på, og som tek opp plass for gjenstandar av større museumsfagleg verdi. Arbeidet fortset i 2023.

Museet fekk i år ein førespurnad om utlån av Kvinnefrontfana for Odda og Tyssedal til Kvinnefronten sitt 50-årsjubileum i Oslo. Fana er til vanleg oppbevart på tekstillageret ved Salhus. Vi sa ja til utlånet, og det vart ei vellukka prosess som har gjeve oss ny erfaring i arbeidet med utlån av gjenstandar.

**Immateriell kulturarv**

Odda vidaregåande skule si landslinje i vg2 smedfaget held fram i den freda smia vår i Bygg 026. Målet til skulen er å ta vare på smedfaget, finna læreplassar og føra handverket vidare.

**Tysso I Kraftstasjon**

Forvalting, drift og vedlikehald av Tyssedal kraftverk vart i 2022 handtert på eit tilfredsstillande nivå. Etter tilråding frå bygningsfysikarar i Norconsult, er temperaturen inne i stasjonen halde på minimum 15 grader gjennom heile året. Me ser gode resultat av dette ved at innvendig forfall vert redusert, men temperaturfastsetjinga i kraftstasjonen må diverre revurderast i samband med budsjett og kraftprisprognosane for 2023, og ikkje minst den varsla driftsstansen ved Eramet.

Dei gamle traverskranene er heilt avgjerande for vedlikehald i høgda i stasjonen. Dei er òg viktige for gjennomføring av andre aktivitetar i det 180 meter lange bygget. For å få på plass godkjenning av kranene skal det utførast arbeid som vi har innhenta tilbod på i 2022. Grunnarbeidet er gjort i samråd med fylkeskonservator, og naudsynte søknader om godkjenning er sendte. Sjølve kontraktsarbeidet vert etter planen utført i byrjinga av 2023.

Etter ei kulturminnefagleg vurdering vart det plassert stengsel framfor inngangen til brettet, slik at vi hindrar tilkomst til dette når det ikkje er med guide. Kulturminneverdiane på brettet må ikkje forringast ved at til dømes små delar vert fjerna.

Me arbeider heile tida med å skifte ut eldre ljoskjelder til meir energieffektive typar. Dei gamle, restaurerte lampene på vestveggen er noko utfordrande, men vi arbeider med ei løysing.

Grunna kraftprissituasjonen og signaleffekten ut i samfunnet vart flaumljoset på kraftstasjonen slege av i september og fram til julehøgtida.



*Frå synfaring med Peter Forras frå Vestland fylkeskommune. Foto: Liv Eirill Evensen, Kraftmuseet.*

**Lilletopp**

AS Tyssefaldene (AST) utbetra taket på inntaksbygget, naustet og taubanehus seint hausten 2021. I forkant hadde museet ekstern kontroll av el-installasjonen på Lilletopp, og fleire avvik kom på grunn av utette tak. Grunna sein ferdigstilling av takarbeidet, vart avvika i el-kontrollen lukka våren 2022.

I sikringsplanen for museet vert det tilrådd å etablere landingsplass for helikopter og vanntank for brannslokking. Før landingsplass vert etablert, må det fjernast ei straumlinje. Dette er utsett grunna sikringstiltak og trong for kvalifisert personell til fjerning og sikring.

**Lindehuset med Knud Knudsen-senter**

FDV-arbeidet på Lindehuset heldt fram med støtte frå post 72 i statsbudsjettet.

Vi fekk dispensasjon for beslag på utkraging og takbeslag. Løysing og gjennomføring vart tinga hjå blekkslagar. Feltet over inngangen i sørvest vart malt og behandla før montering av godkjent glastak.

Lindehuset som kulturhus med Knud Knudsen-senter og museumskontor var opphaveleg framheva i den kommunale temaplanen for kultur, som gjekk ut på høyring hausten 2022. Eit forslag i Kultur- og Levekårsutvalet i Ullensvang kommune medførte at dei 8 000 000 kronene som var avsette i rådmannen sitt forslag til Lindehuset, vart tekne ut politisk. Situasjonen når det gjeld Lindehuset som kulturbygg er difor uavklart ved årsslutt. Kraftmuseet har ei 20-årig leigeavtale på bygget, og 12 månaders oppseiingsfrist.

I 2022 vart det sluttrapportert på KUP-prosjektet *Knud Knudsen-senter*. Gjennom prosjektet er Lindehuset utstyrt med utstillingsvegger og utbetra resepsjonsområde med bardisk, museumsbutikk og cafébord, i tillegg til den faste installasjonen Frukthagen. Vi viser til sluttrapporten for prosjektet.

**Bygg 026 Smia**

Bygg 026 er sett i stand, og kostnadane til FDV er reduserte. Smedskulen held til i smia. Det er stor aktivitet i smia av smedelevar og Smedforeningen. Me avtalar difor tid før skulestart i august til naudsynt vedlikehald.

**Arbeidarbustadene i Folgefonngata**

**Folgefonngata 9** hadde eit kraftig etterslep på vedlikehald. Direktør såg eit presserande behov for vøling av eksteriør, vindauge og kjellar. Tilstanden på museumsanlegget i Folgefonngata har ei tid vore slik at han går ut over den ønska satsinga vår på museumsaktivitetar i Odda sentrum, sidan bygga ikkje lenger gjev det inntrykket museet ønskjer. Samstundes er det behov for avbøtande tiltak for å sikre den verdfulle samlinga inne i Folgefonngata 9.

Det var behov for utskifting av rote materiale, maling av yttervegger, reparasjon og kitting av vindauge, reparasjon av ytterdør og maling av dører, oppussing og istandsetjing av vindauga i kjellaren. Kraftmuseet søkte Vestland fylkeskommune om støtte under ordninga Museumsløft hausten 2022, og fekk tilslag.  Arbeidet vil i stor grad bli utført i 2023.





*T.v.: Vindauge kjellar i Folgefonngata 9. Foto: Svein Jåstad, Kraftmuseet. T.h.: Skifting av bord og måling i Folgefonngata 13. Foto: Åsne Dolve Meyer, Kraftmuseet.*

**Buen**

AV-rommet i selskapslokalet vart fjerna, sidan dette har mista funksjonen sin med innføring av meir moderne teknologi. Det vert sett inn ein stor TV-skjerm som vil nyttast i staden for prosjektor. Desse tiltaka vil gjere Buen meir attraktiv for ulik bruk, som til dømes møteverksemd.

**M/Y Tysso**

Tilsyn, vedlikehald, opplag og oppvarming/avfukting vert utført på oppdrag ved Hardanger Fartøyvernsenter. Forsikring utgjer den største utgiftsposten for båten. I 2022 er kjølen malt og overbygget lakka, og det er sydd livbeltekassar.

I samband med sesongslutt vart det rapportert om tekniske problem med motor/ gir, noko som det diverre ikkje var mogeleg å følgje opp inneverande år. Det vil difor verte behov for eit større løft for båten i 2023.

Kraftmuseet møtte Hardanger Fartøyvernsenter i september med tema forvalting av M/Y Tysso.

Leiargruppa har drøfta ulike løysingar for korleis båten kan kome meir i bruk, utan at driftskostnadene skal dra seg i veg. Båten kan vere ein attraktiv inngangsport til meir frivilligheit – og han er unekteleg god reklame for museet.



*Kraftmuseet vitjar M/Y Tysso i september. Foto: Liv Eirill Evensen, Kraftmuseet.*

**Naustbakken 7**

I administrasjonsbygget i Naustbakken 7 er utstillingsrom rydda med enkle grep, slik at delar av ERIH-utstillinga no kan sjåast for besøkande.

Utleige generelt har auka på. Kraftstova har vorte særs populær og er ofte oppteken, slik at vi også har leigd ut møterom i NB7 ved behov.

Branntilsyn viser at vi lyt sjå på ei løysing for rømmingsveg frå kontorene i 2. etasje. Arbeidet er undervegs.

Naustbakken 7 er prega av generell slitasje og elde. Det bør snarleg vurderast korleis vi skal gripe dette an, og det bør sjåast i samanheng med kontorlokalisering for museumsadministrasjonen i framtida.

**Opprusting av Vitenparken**

Kraftmuseet gjekk i dialog med Ullensvang kommune om oppgradering av Vitenparken, med nytt og oppgradert utstyr til leik og læring. Kommunen har bestilt inn utstyr gjennom sentrumsløft-midlar til Vitenparken, for montering og realisering i 2023.

**Skalsikring**

Som eit tiltak i sikringsplanen vart i 2022 alle låsar i inngangsdørene til bygga våre i Odda skifta ut, og vi fekk montert elektroniske låsar med tilgangskort. Prosjektet vart finansiert av sikringsmidlar frå Kulturrådet, Stiftelsen Uni og museet.

# 5. Formidling

Slik vi har sett tidlegare vart 2022 eit rekordår. Besøkstalet auka frå 18 430 i 2021 til 29 478 i 2022, og vi har med dette slått rekordåret 2019 (26 682 besøkjande). Trenden er at folk viser stor interesse for å sjå museet og samlingane våre. Besøkande til Lilletopp løyser i større grad enn tidlegare billett til omvising i vasstunnelane.

Konferansesenteret vårt vart svært godt besøkt, noko som har gjeve gode leigeinntekter til museet. Dårleg sommarvêr har naturleg nok prega kafélysta til dei besøkande. I sommarsesongen 2021 starta vi så smått med booking av billettar på nett, og i 2022 utvida vi tilbodet til å gjelde alle dei sommaropne arenaene våre. Dei utanlandske besøkande er tilbake for fullt, og i alle sommarmånadar utanom juli kom det om lag 40 % tyskarar, 30 % engelsktalande og 30 % nordmenn, der mange av dei norske kom i grupper med buss. I juli var om lag 60 % av gjestane frå Noreg, 10 % var tyskarar og 30 % engelsktalande. Det er ei stor auke av nederlendarar og franskmenn, og dei vert i denne samanhengen registrerte som engelsktalande.

Ein ny formidlingsplan for Kraftmuseet vart vedteken i styremøtet i desember. Det vert spanande å sjå korleis det vil verke inn på drifta vår at vi no har ein gyldig formidlingsplan.

**Besøkstal**

| | 2020 | | 2021 | | 2022 | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Barn | Vaksne | Barn | Vaksne | Barn | Vaksne |
| **Tyssedal** | 1901 | 5679 | 2 280 | 8 004 | 2 304 | 12 041 |
| **KraftLaben/Lindehuset** | 4117 | 1734 | 4 054 | 2 106 | 5 657 | 6 642 |
| **Andre** | 59 | 1685 | 310 | 1676 | 324 | 2 510 |
| **SUM** | **6077** | **9101** | **6 644** | **11 786** | **8 285** | **21 193** |
| **Totalt** | **15 178** | | **18 430** | | **29 478** | |

**Utstillingar**

I Naustbakken 7 står to permanente utstillingar, som vi har vist for besøkande som til dømes skal på filmvising i Naustbakken. I 2022 var desse utstillingane nytta utanfor sommarsesong. I Tysso 1 har utstillingane «Kraftfull arkitektur» og tidslinjeutstillinga vært godt likte av publikum.

I Lindehuset står den permanente, immersive opplevinga «Frukthagen». I mars blei bannerutstillinga «Kvinnestemmer frå Odda» vist på Litteraturhuset. Museet hadde fleire nye utstillingar innom arenaene våre i 2022:

Dialog – Maria Pasenau X Knud Knudsen

Sommaren 2022 vart Lindehuset arena for eit spanande møte mellom Knud Knudsen sine bilete og moderne fotografi tekne av kunstnaren Maria Pasenau, som ein del av Knud Knudsen-senteret. Det var om lag 140 år med historie som låg mellom bileta tekne av Knudsen og Pasenau sine motiv. Utstillinga var kuratert av Sissel Lillebostad, og var eit samarbeid mellom Kraftmuseet og kunstsenteret Kabuso. Den immersive opplevinga «Frukthagen» var og ein del av publikumstilbodet i Lindehuset sommaren 2022.






*T.v.: Kunstnar Maria Pasenau i midten og kurator Sissel Lillebostad t.h på opninga av utstillinga Dialog.*



*T.v.: Resepsjonen blei flytta og arbeid blei lagt ned i inngangspartiet for å gjere utstillinga meir synleg for publikum.*

*Over.: Maria Pasenau tolkar Knud Knudsen*

Skeive ikonar: Litteratursymposiet i Odda

Årets symposieutstilling markerte 50-årsjubileet for avkriminaliseringa av homofili i Noreg. Fotografene Fin Serck-Hanssen og forfattarane Bjørn Hatterud og Caroline Ugelstad Elnæs stod bak denne utstillinga, som portretterte sentrale skikkelsar i det skeive miljøet i Noreg i 1972. Den monumentale karakteren ved utstillinga vart framheva av utstillingslokalet – maskinsalen i Lindehuset. Utstillinga var ein del av Skeivt kulturår.



*Skeive ikonar i Lindehuset var ein del av Skeivt kulturår 2022. Foto: Åsne Dolve Meyer, Kraftmuseet.*

Kampen om Alta

I 2022 kom vandreutstillinga Kampen om Alta tilbake til Kraftmuseet, og er no ein permanent utstilling i kraftstasjonen. Utstillinga er produsert av Kraftmuseet, Skogmuseet og NVE, og ho var fyrst vist fram på Kraftmuseet sommaren 2018. Sidan har ho vore på reis og utstilt fleire stader i heile landet. Saman med tidslinja og arkitekturutstillinga er Kampen om Alta med på å vise publikum ulike sider av vasskraftutbygging, og er ein fin inngang til problematisering og diskusjon kring vasskrafttema – og kraftutbygging generelt.

**Byvandring med postmannen**

Byvandring med postmann, politikar og Odda-patriot Vidar Solvi vart gjennomført sommaren 2022, på andre året. Publikum fekk her eit nært innblikk i Oddasamfunnet, gjennom deltaking i små grupper. Målsetjinga var å nå lokale og tilreisande oddingar i alle aldrar, skape lokal forankring og byggje identitet.



*Fordelingsbassenget på Lilletopp. Foto: Anne Gravdal, Kraftmuseet.*

**Besøk på Lilletopp**

Dei siste åra har Kraftmuseet hatt eit godt samarbeid med Trolltunga Active AS (TA) om vertskapsressurs på Lilletopp. TA stilte med vertskapet på Lilletopp også i 2022. Dette gjer bemanningssituasjonen lettare for museet, og gjev samstundes kompetanseheving på kraftturisme ut i reiselivsnæringa. Mange fann vegen inn i fjellet på omvising, 691 stykk i 2022 – mot 279 i 2021.

**Undervisingsopplegg**

Museet gjennomførte undervisningsopplegg for barnehagar, barneskule, ungdomskule og vidaregåande i 2022. I tillegg hadde KraftLaben besøk av ei gruppe ukrainske elevar.

Vi hadde undervisningsopplegg i Folgefonngata med Barndom i gamle dagar. I Tyssedal hadde vi elevbesøk, både i stasjonen, på Lilletopp med via Ferrata (samarbeid med TA) og på Tyssedal hotell (kunstvandring). Flest besøk hadde KraftLaben, med eit breitt utval av tema, og stort spenn i alder på elevane.

Kraftmuseet med KraftLaben hadde ansvar for det faglege innhaldet på *SMARTare Teknologi*, eit undervisningsopplegg for 6. trinn i Vestland (1 780 elevar), der elevane skal nytte kreativitet og kunnskap for å løyse reelle samfunnsutfordringar. *SMARTare teknologi* er eit samarbeidsprosjekt med Ungt Entreprenørskap.

I haust var museet med på å arrangere *First Lego League Ullensvang* (350 elevar), der skuleklassar frå heile kommunen skulle løyse ulike utfordringar knytt til energi.

Det vart ikkje produsert nye, digitale undervisningsopplegg i 2022, men dei opplegga vi har liggjande på heimesidene våre er tilgjengelege for besøk. Museet medverka med intervju og informasjon til produksjonsselskapet Filmkonsulentene. Dei lagar undervisningsfilmar for m.a. vidaregåande skule, og skulle lage film om flyttestraumar innad i Noreg. Filmen vert tilgjengeleg på NDLA.no (Nasjonal digital læringsarena).

**Digital formidling**

Museet tilbyr digitale formidlingstilbod på nettstaden vår, samt gjennom Kraftlandet.no. I starten av 2022 vart episoden *Vasskrafta bygger landet* lagt ut på Kraftlandet. Neste episode skal handle om vindkraft, og det vart arbeidd med temaet i 2022.

Frå før av har vi hatt ein digital 3D-modell av Folgefonngata liggjande på Google maps. I 2022 la vi óg inn ein modell av Tysso 1 på den same plattforma. Kraftmuseet og KraftLaben har hatt stor aktivitet på sosiale medium.

**Arrangement**

Kraftmuseet har vore med på ulike arrangement også i 2022, og stilt lokale til disposisjon for ytterlegare ei rekkje arrangement.

8. mars: 8. mars-tog i Odda vart arrangert av Kraftmuseet, Odda og Tyssedal pensjonistforening, Sentralbadet Litteraturhus og partiet Raudt. Ca. 60 personar i alle aldrar møtte opp på plakatverkstad og tog. Etter toget var det samling med appellar.

Eurovision-fest: 14. mai stilte museet med eit kort kåseri og var initiativtakar og medarrangør på *Grand Prix*-fest på Sentralbadet litteraturhus, saman med Tysso Pride og Litteraturhuset.

Tysso Pride vart arrangert for tredje gongen i juni. Nok ein gong var Kraftmuseet medarrangør, og paraden gjekk frå Tyssohallen til Kraftstasjonen. Natta før hadde det vore ei masseskyting som råka det skeive miljøet og Oslo Pride. Dette la sjølvsagt ein dempar på stemninga. Samstundes vart tematikken skremmande aktuell, og det vart sett ny rekord med ca. 300 deltakarar i paraden.

Nytt av året var fleire aktivitetar for born framfor kraftstasjonen, og siderbåten stilte med gratis frakt av passasjerar frå Tyssedal til Odda. I Odda heldt Pride-feiringa fram, med dragshow med *Haus of Friele* og *DJ Sigaz* i Pride-parken på Lindeplassen.

Siderfestivalen 2022 vart mellom anna arrangert på to av våre arenaer, med festmiddag i Kraftstasjonen og sidersmaking i Lindehuset. Kraftmuseet bidrog som medarrangør, med utleige av koordinator til arrangementet.

Hydrogensymposiet er ei årleg hending i Kraftstasjonen. Innovative prosjekt, frå pilotar til storskala hydrogenproduksjon, vart gjennom to dagar utforska og presentert av fagfolk innan hydrogenteknologi.

Forskingsdagane i september hadde *hav* som tema. Kraftmuseet var arrangør saman med Frivillighetssentralen, Sentralbadet og Næringshagen i Ullensvang. Vi hadde Forskartorg med stands og presentasjon av lokal forsking på Sentralbadet. Her presenterte Simen Sætre forsking om *Den nye fisken*. KraftLaben var open, og godt besøkt.

Litteratursymposiet i oktober nytta fleire av arenaene våre, som Lindehuset og Smia. På KraftLaben var det *Fanzineverkstad*. Museet leigde ut koordinator til Litteratursymposiet.

Hardanger Musikkfest var lagt til november. Den monumentale avslutningskonserten *Atterklang* vart arrangert i Kraftstasjonen og var ved Det Norske Jentekor, Terjungensemble, Karl Seglem og Erlend Apneseth.

Av andre arrangement kan nemnast konsert med Randaberg mannskor i Tysso 1, og to private arrangement for dei tilsette på Hydro Husnes i stasjonen. Stasjonen var og ramme for ei vigsle og ein bryllaupsmiddag sommaren 2022. Også i museumshagen i Folgefonngata var det vigsle i sommar, då eit tysk par valde å gifte seg der. Lindehuset vart óg nytta til konsertane *Odda Banker påsken inn* og *Odda banker jula inn*, der Kraftmuseet var medarrangør.







# 6. Mangfald og inkludering

**Skeivt kulturår 2022**

Skeivt arkiv i Bergen vart opna i 2015 med studie og formidling av denne gløymde, og i stor grad skjulte, delen av norsk historie. I dag går forskinga på dette feltet tettare inn på lokalhistoria og lokalsamfunnet – med forteljingar frå «levd liv».

Skeivt kulturår 2022 var ei nasjonal markering med fokus på utstillingar og forsking med ei normkritisk haldning.

Vi arrangerte Tysso Pride (sjå «Arrangement», kap. 5). Gjennom året har KraftLaben hatt fleire barnehagar inne på *regnbogeverkstad* og hatt mangfald og inkludering på agendaen. Kraftmuseet var med å arrangera Eurovision-framsyning og fest på Sentralbadet litteraturhus i mai, og stilte med kåseri om Grand Prix si skeive historie. Lindehuset husa utstillinga *Skeive Ikoner,* eit arrangement i Skeivt kulturår (sjå "Utstillingar", kap. 5) og forestillinga *Emotional Outlaws*, der performancekunstaneren Thierry Alexandre hadde musikalsk følgje av Brudini med orkester. Forestillinga var ei feiring av det som er annleis, og skilta med "utanomjordiske kreasjonar, kostymer og ei rørsleferd gjennom fabrikklokalet".

**Why (queer) history matters**

Kraftmuseet var til stades ved den internasjonale konferansen *Why (queer) history matters* ved Universitetet i Bergen, som gjekk av stabelen 29.-30. august. Saman med Bergen kommune arrangerte UiB denne samlinga med fokus på historisk marginaliserte og usynleggjorde grupper under fana LHBTQ+.



*Sidan 2020 har Kraftmuseet vore med på å arrangere Tysso Pride. I 2022 var det rekordstort oppmøte. Foto: Åsne Dolve Meyer, Kraftmuseet.*



*KraftLaben hadde om lag 100 barn på Regnbogeforsøk i regi av KraftLaben i 2022. Foto: Signe Bondhus-Jensen, Kraftmuseet.*

**Arbeid med flyktningar og vanskelegstilte**

Alle skal ha mogelegheit å besøke Kraftmuseet og ha fri tilgang på eigen kulturarv. I 2022 jobba vi systematisk med å dele ut gratis årskort til vanskelegstilte familiar, flyktningar og andre grupper som fort fell utanfor samfunnet. Vi var i kontakt med flyktningkontoret i kommunen, dei ulike flyktningmottaka og vaksenopplæringa. Flyktningmottaka og kommunen printar sjølv ut billettar til museet, så vi har ikkje tal på kor mange vi har delt ut. Vi hadde óg eit hyggeleg besøk frå Robin Hood-huset i Bergen i haustferien. Robin Hood-huset er ein rusfri og livssynsnøytral møtestad for økonomisk vanskelegstilte og nettverkssøkande i Bergen. Vi laga eit tilpassa opplegg for familiane som nytta seg av dette tilbodet om gratis opplevingar i haustferien.

# 7. Forsking, utvikling og nettverksarbeid

**Jubileumsbok for Boliden Odda AS**

Prosjektet Jubileumsbok for Boliden Odda AS er inne i det 2. året. Forfattarane Håvard Aven, doktorgrad i historie, og Frode Grimelid, ressurs- og miljøgeograf, skriv på det som skal verte ei praktbok til Boliden Odda sitt 100-årsjubileum i 2024. Det er danna ei boknemnd, valt ut forlag som skal publisere boka og gjennomført 2 møte i styringsgruppa og 2 i boknemnda i 2022. Boknemnda består av forfattarane, 3 representantar peikte ut av oppdragsgjevar, 3 representantar frå leverandør og ekstern historikar, Pål Thonstad Sandvik. Boknemnda sitt arbeid og ansvar er avgrensa til å bidra med kunnskap og fakta i arbeidet, og vere med i kvalitetssikring av manus. Direktøren er prosjektansvarleg.

**Forskingsinfrastruktur for musea i Vestland**

Kraftmuseet deltok også i 2022 i Forskingsinfrastruktur for musea i Vestland, eit prosjekt som fekk støtte frå Kulturrådets utviklingsprogram. Prosjektet har også motteke støtte frå Vestland fylkeskommune. Prosjektet skal utvikle infrastruktur for forskingssamarbeid mellom musea i Vestland fylke.

**Kraftlandet.no**

Kraftlandet.no inngår i hovudsatsinga vår saman med NVE og Anno Norsk skogmuseum i NVE si museumsordning. Kraftlandet.no er ein digital plattform som skal formidle historier om vatn og kraft, hovudtema som inngår i NVE sin portefølje, og tema som er sentrale for dei to samarbeidsmusea.

Dette er innleiinga til Kraftlandet:

*«Eit land der menneska møter naturkreftene. Nokre av kreftene kan me temme, andre rår me ikkje over. Gjennom generasjonar har me bygd samfunnet på naturen sine ressursar og kjent på farar som flaum og skred. Forteljingane om desse naturkreftene, om desse menneska, bur i Kraftlandet.»*

Kraftlandet veks fram gjennom episodar. Den fjerde episoden, «Vasskrafta bygger landet», kom ut primo 2022. Til kvar episode vert det laga ein podkast. Kraftmuseet er også del av hovudredaksjonen, og tilsette ved museet har skrive fleire av artiklane på nettstaden.

Hausten 2022 har redaksjonsgruppa jobba med tema vindkraft, med tanke på stoff som skal publiserast i 2023.

**Kraftturisme i det vestnorske kraftlandskapet**



Kraftturisme i det vestnorske kraftlandskapet er eit prosjekt i regi av Vestland fylkeskommune, Rogaland fylkeskommune og Riksantikvaren. Kraftmuseet deltek i prosjektet, og var på ei digital samling, ei fysisk samling og eit separat møte med prosjektleiar i 2022.

På samlinga i oktober besøkte vi mellom anna Sima kraftverk, Sysendammen og Vøringsfossen med trappebru, og det vart diskutert produktutvikling og pakkeløysingar i reiselivet.

*Besøk ved Sima kraftverk. Foto: Liv Eirill Evensen, Kraftmuseet.*

**ERIH – European Route of Industrial Heritage**

Kraftmuseet søkte i 2022 Ullensvang kommune sitt næringsfond om støtte for å revitalisere arbeidet med ERIH i 2023. Målet var at Kraftmuseet sitt ankerpunkt i ERIH skal vise att i ein ERIH-rute. Diverre nådde vi ikkje opp i næringsfondet, men det er gjort eit stykke arbeid som kan kome til nytte ved anna høve. Vi er óg i dialog med Kraftturismeprosjektet om vegen vidare for ERIH-arbeidet vårt.

**Presentasjonar av tekstarbeid**

Forfattar Håvard Brede Aven har presentert problemstillingar i arbeidet med jubileumsbok for Boliden ved to høve, ved eit miljøhistorisk seminar ved Universitetet i Agder i Kristiansand 12.-14. oktober, og på BI i Oslo 11. november.

# 8. Administrasjon og drift

**Miljø og HMT**

Kraftmuseet arbeider stadig med å redusere det økologiske fotavtrykket vårt. Dette gjer me gjennom systematisk arbeid etter vår interne miljøplan. Vi opplever at Kraftmuseet er relativt langt framme når det gjeld miljø- og berekraftsarbeid. Ein nøkkel for dette er at miljøguiden er fast tema på alle måndagsmøte. Det medverkar til at miljøtanken alltid er langt framme i organisasjonen.

Helse, Miljø og Tryggleik (HMT) er også eit fast punkt på måndagsmøta. På same måte som med miljøguiden gjer det faste innslaget av HMT at leiinga og dei tilsette har jamt fokus på dette.

Kraftmuseet er medlem av Bedriftshelse 1. Det vert jobba systematisk med arbeidsmiljøet gjennom kontaktmøte mellom leiinga og tillitsvalde, gjennom faste møte kvar måndag med alle tilsette, gjennom forbetringsarbeid knytt til planverk og rutinar og gjennom arrangement og samlingar, som til dømes felles lunsj.

**Straum og fjernvarme**

I 2022 har leiinga vore nøydde til å prioritere alt arbeid som har med energikostnadar å gjere. Museet har vore i dialog med leverandørar av kraft og fjernvarme, samt styresmakter og tilskotsytarar. Dei høge prisane på kraft og til dels fjernvarme har utløyst behov for omfattande energikartlegging og ENØK-tiltak.

Hovuddelen av energien til museet kjem frå fjernvarme. Prisen på fjernvarme vert fakturert ut frå prisane i Nordpool og svingar difor på same måten som i straummarknaden. Museet arbeider med kartlegging av energiforbruk, og ser heile tida etter tiltak for å redusere straumforbruket. Nokre tiltak er gjort, men arbeidet fortset i 2023.

Det er skifta ut lyspærer, gjort hastetiltak som å slokke flaumljoset på kraftstasjonen og vi har avdekka nokre "energitjuvar", som vi delvis har klart å stanse. Norges Museumsforbund har kartlagd kraftsituasjonen, og han ser ikkje lysteleg ut for musea, som gjerne driv i store, gamle og trekkfulle bygg. Kraftmuseet er tildelt ekstraordinær fylkeskommunal driftsstøtte grunna kraftsituasjonen, og straumstøtte frå Ullensvang kommune og frå staten (ENOVA).

Til tross for iherdig ENØK-arbeid gjennom året, har kraftkostnadene vore den største utfordringa administrasjonen har hatt i 2022, og trenden ser diverre ut til å fortsetje.

**Plan- og strategiarbeid**

Administrasjonen har arbeidd med Kompetanse- og rekrutteringsplan (styrevedtak i desember 2022), sluttføring av museet sin formidlingsplan (styrevedtak i desember 2022), personalhandbok (under arbeid) og evaluering av omorganiseringa av Kraftmuseet.

Ein større grad av komplettering av Kraftmuseet sitt planverk gjer ansvarstilhøva ved museet tydelegare, styrkjer administrasjonen si handlekraft og gjer drifta av museet meir straumlinjeforma og føreseieleg.

**Implementering av leiarverktøy**

Direktør har i 2022 gått til tinging av leiarverktøyet Motivati, som vil forenkle og systematisere medarbeidaroppfølging, medarbeidarsamtalar, motivasjonsarbeid, dialog og kompetansearbeid i organisasjonen. Løysinga er fremma av andre musé, som har hatt god nytte av ho.

**Synleggjering og representasjon**

Direktøren heldt ein presentasjon om Kraftmuseet sitt rekrutteringsarbeid på rekrutterings-konferansen i regi av Framtidsfylket i august.

Direktøren inviterte samarbeidspartnarar til konsert i Kraftstasjonen i november, under Hardanger Musikkfest.

**Marknadsføring**

Kraftmuseet nyttar Facebook til ein jamn straum av gjennomarbeidde artiklar på nett.

Heimesida vår er utdatert og dyr å halde ved like, slik at Kraftmuseet gjekk til tinging av Museum24 sin plattform, med overgang til ny nettsideleverandør i 2023.

Kraftlandet.no er ein viktig arena for synleggjering av museet og museumsordninga under NVE.

I tillegg nyttar vi pressemeldingar til Hardanger Folkeblad. Hausten 2022 hadde Kraftmuseet ei rekke nyhendesaker i Hardanger Folkeblad, som resultat av pressemeldingar eller anna direkte kontakt med avisa.

Plakatar vert nytta til generell informasjon, arrangement med meir.

**Evaluering av omorganisering/ organisasjonsform ved Kraftmuseet**

Etter initiativ frå tillitsvald vart det gjennomført ei enkel kartlegging av korleis omorganiseringa ved Kraftmuseet i 2018 er opplevd av dei tilsette, og korleis ny organisering fungerer. Det vart utarbeidd ei digital spørjeundersøking.

Systematisk gjennomgang og vurdering av resultata munna ut i ein kort rapport, lagt fram for styret. Vidare løysing av oppgåveflyt og organisering ved museet vert tema mellom anna ved rekruttering i 2023.

**Kraftmuseets Venner**

Vennelaget har i 2022 vore inkludert i søknadsarbeid som gjeld arbeid i Folgefonngata, for tiltak knytt til universell utforming av hageanlegget. Eit nytt løft for museumsanlegget i Folgefonngata i 2023 vil leggje grunnlag for meir bruk av anlegget. Målet er både at vennelaget skal kjenne seg heime i Folgefonngata og ha dette som base, og at anlegget skal verte meir nytta til gode museums- og sentrumsføremål for fleire brukargrupper.

Kraftmuseet deltek med ein representant i alle styremøta i Vennelaget, og har sekretærfunksjonen i styret. Kraftmuseet bidreg óg med redaksjonelt arbeid og distribusjon av medlemsbladet "Liv og rør".

Den årlege museumsturen i september gjekk til Ytre Arna Museum og Oleana fabrikk med utsal. Direktøren deltok her, og las eit stykke industrihistorie frå Ytre Arna anno 1900 på bussen:

*«Værre end i Rusland.» «Et fulstendig Slavereglement for Arbeiderne».*




*Den levande tekstilfabrikken Oleana. Foto: Liv Eirill Evensen, Kraftmuseet*.

Vennelaget gjennomførte den tradisjonelle juleverkstaden sin i november, med om lag 20 besøkande. Barna som kom koste seg, og dei varierte verkstadaktivitetane var populære.
Ei utrekning i etterkant synte eit betydeleg tal på timar friviljug innsats knytt til juleverkstaden, heile 91 timar.

# 9. Vegen vidare

Kraftmuseet står ved årsslutt ved eit vegskilje når det gjeld Lindehuset – korleis skal vi gå vidare?

Om det ikkje lenger vert aktuelt å byggje opp eit administrativt museumssenter i Lindehuset, bør vi om ikkje så lengje sjå på større grep for å sikre kontorsituasjonen til museet. Kor administrasjonen skal lokaliserast får også store utslag ved budsjettering av bygningsarbeid og prosjekt.

Det er heller ikkje til å kome i frå at det ligg mykje usikkerheit i straumprissituasjonen framover. På eit punkt vil kostnadene kunne byrje å påverke drifta, om ikkje det kjem gode og føreseielege støtteordningar i tide, eller vert gjort andre, sentrale grep for å stabilisere situasjonen. Vi har sett i år at andre musé har vorte tvungne til å stengje ned bygg og stanse alle formidlingstilbod, permittere og sende folk på heimekontor. Slik sett har Kraftmuseet tross alt vore heldig i år.

Museet sin eigenkapital er styrka i åra med pandemi. 2022 har vore eit år med moglegheit for meir ordinært, planmessig arbeid, men straumprisprognosane og krig i Europa kastar mørke skuggar over framtida. Museet forvaltar mange bygg, dei fleste antikvariske og straumkrevjande. Me nyttar også oppvarming med fjernvarme for å redusere vedlikehaldskostnadar. Det er straumprisen hos Nordpool som i stor grad bestemmer prisen på fjernvarme. På sikt risikerer vi å måtte redusere fagleg og publikumsretta aktivitet vesentleg, for å betale straumrekningar. I verste fall, med eit kulturminnefagleg synspunkt, kan høge kostnadar føre til forfall i bygningsmassen. I denne

situasjonen er vi likevel ikkje åleine, det er mange som slit med tilsvarande problem, og mange musé har det tyngre enn oss.

Til tross for dei store utfordringane vi står oppe i, er det indre livet ved Kraftmuseet vitalt og godt. **Museet har i 2022 klart å nå fleire menneske enn nokon gong tidlegare, med inspirasjon til læring, undring, leik, inkludering og oppleving. Marknaden vår er nær sagt uavgrensa, og omfattar store delar av verda. Dei tilsette viser ei fantastisk haldning til arbeidsplassen sin, og gjer alt dei kan, og litt til, for å ta vare på kulturminna våre – og møter dei besøkande med engasjement, smil og varme, dag etter dag.**

Ullensvang Revisjon AS
statsautoriserte revisorer

Rev.nr./ Org.nr. 997 726 316 MVA
Kremarveien 3, 5750 Odda
Telefon: 53 64 32 24
post@ullensvangrevisjon.no,
www.ullensvangrevisjon.no

Til styret i Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum

# Uavhengig revisors beretning

## Uttalelse om årsregnskapet

*Konklusjon*
Vi har revidert årsregnskapet for Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum som viser et overskudd på NOK 2 201 621. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2022, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening

- oppfyller årsregnskapet gjeldende lovkrav, og
- gir årsregnskapet et rettvisende bilde av stiftelsens finansielle stilling per 31. desember 2022, og av dens resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

*Grunnlag for konklusjonen*
Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet nedenfor under *Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet*. Vi er uavhengige av stiftelsen i samsvar med kravene i relevante lover og forskrifter i Norge og International Code of Ethics for Professional Accountants (inkludert internasjonale uavhengighetsstandarder) utstedt av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

*Øvrig informasjon*
Styret og direktør (ledelsen) er ansvarlige for øvrig informasjon som er publisert sammen med årsregnskapet. Øvrig informasjon omfatter informasjon i årsrapporten bortsett fra årsregnskapet og den tilhørende revisjonsberetningen. Vår konklusjon om årsregnskapet ovenfor dekker ikke øvrig informasjon.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese øvrig informasjon. Formålet er å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom den øvrige informasjonen og årsregnskapet og den kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen av årsregnskapet, eller hvorvidt øvrig informasjon ellers fremstår som vesentlig feil. Vi har plikt til å rapportere dersom øvrig informasjon fremstår som vesentlig feil. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

*Ledelsens ansvar for årsregnskapet*
Ledelsen er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettvisende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ullensvang Revisjon AS
statsautoriserte revisorer

Rev.nr./ Org.nr. 997 726 316 MVA
Kremarveien 3, 5750 Odda
Telefon: 53 64 32 24
post@ullensvangrevisjon.no,
www.ullensvangrevisjon.no

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til stiftelsens evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avviklet.

*Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet*
Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon er å anse som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke de økonomiske beslutningene som brukerne foretar på grunnlag av årsregnskapet.

For videre beskrivelse av revisors oppgaver og plikter vises det til https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger.

**Uttalelse om andre lovmessige krav**

*Konklusjon om forvaltning*
Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendige i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000, *Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon*, mener vi at stiftelsen er forvaltet i samsvar med lov, stiftelsens formål og vedtektene for øvrig.

Odda, 23. februar 2023
**Ullensvang Revisjon AS**

Nils Magnus Berge
*Statsautorisert revisor*

# Årsregnskap 2022
# Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum

Addo Sign identifikasjonsnummer: 55897c56-0b79-4e8a-a55c-b5de20268589

**Resultatregnskap**
**Balanse**
**Noter**

**Org.nr.: 971 356 944**

# RESULTATREGNSKAP

## KRAFTMUSEET - NORSK VASSKRAFT- OG INDUSTRISTADMUSEUM

| DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER | Note | 2022 | 2021 |
|---|---|---|---|
| Salgsinntekt | | 2 578 820 | 927 371 |
| Billettinntekter | | 509 766 | 386 837 |
| Tilskudd Ullensvang kommune | | 1 536 192 | 1 466 192 |
| Tilskudd Stat og Fylke | 2 | 11 408 342 | 10 941 668 |
| Andre tilskudd | 2 | 2 843 274 | 3 363 673 |
| Årets inntektsføring av periodiserte tilskudd | | 506 088 | 1 562 616 |
| Andre driftsinnteker | | 1 005 680 | 408 176 |
| **Sum driftsinntekter** | | **20 388 162** | **19 056 532** |
| Varekostnad | | 479 633 | 164 702 |
| End. beh. varer u.tilv. og ferdigvarer | | 0 | -92 982 |
| Lønnskostnad | 3, 15 | 10 672 875 | 11 100 081 |
| Avskrivinger av driftsmidler | 4, 12 | 386 706 | 338 905 |
| Kostnader lokaler | | 2 244 561 | 1 981 173 |
| Honorar | 3 | 1 758 741 | 2 129 937 |
| Kontorkostnader | | 371 714 | 336 840 |
| Reise og kilometergodtgjørelse | | 151 437 | 43 850 |
| Reklame, annonser og representasjon | | 208 946 | 155 396 |
| Utstillinger | | 163 998 | 212 552 |
| Serviceavtaler og forsikringer | | 179 998 | 170 368 |
| Vedlikehold bygninger og utstyr | | 967 544 | 1 472 733 |
| Andre driftskostnader | | 498 673 | 387 971 |
| Driftsutgifter og vedlikehold "MY Tysso" | | 27 259 | 23 800 |
| **Sum driftskostnader** | | **18 112 086** | **18 425 325** |
| **Driftsresultat** | | **2 276 076** | **631 207** |
| **FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER** | | | |
| Annen renteinntekt | | 14 771 | 9 404 |
| Annen finansinntekt | | 26 565 | 27 475 |
| Annen rentekostnad | | 115 607 | 96 097 |
| Annen finanskostnad | | 184 | 553 |
| **Resultat av finansposter** | | **-74 455** | **-59 770** |
| **Årsresultat** | | **2 201 621** | **571 437** |
| **OVERFØRINGER** | | | |
| Overført til/ fra disposisjonsfond | | 500 000 | 0 |
| Overført til/ fra vedlikeholdsfond FFgt | | 600 000 | 400 000 |
| Overført til/ fra vedlikeholdsfond | | 333 192 | -424 760 |
| Overført til/ fra fond Industriarkiv | | 416 235 | 350 000 |
| Overført til/ fra annen egenkapital | | 352 194 | 246 197 |
| **Sum overføringer** | | **2 201 621** | **571 437** |

Addo Sign identifikasjonsnummer: 55897c56-0b79-4e8a-a55c-b5de20268589

# BALANSE

## KRAFTMUSEET - NORSK VASSKRAFT- OG INDUSTRISTADMUSEUM

| EIENDELER | Note | 2022 | 2021 |
|---|---|---|---|
| **ANLEGGSMIDLER** | | | |
| **VARIGE DRIFTSMIDLER** | | | |
| Tomter, bygninger o.a. fast eiendom | 4, 13 | 3 936 458 | 4 095 596 |
| MY Tysso | 4 | 170 000 | 190 000 |
| Driftsløsøre, inventar o.a. utstyr | 4 | 382 914 | 523 599 |
| **Sum varige driftsmidler** | | **4 489 372** | **4 809 195** |
| **FINANSIELLE ANLEGGSMIDLER** | | | |
| Investeringer i aksjer og andeler | 5 | 473 297 | 430 308 |
| **Sum finansielle anleggsmidler** | | **473 297** | **430 308** |
| **Sum anleggsmidler** | | **4 962 669** | **5 239 503** |
| **OMLØPSMIDLER** | | | |
| Varelager | 6 | 121 420 | 143 550 |
| **FORDRINGER** | | | |
| Kundefordringer | 7 | 739 059 | 905 823 |
| Fordring prosjektmidler | 8 | 1 301 364 | 860 000 |
| Andre kortsiktige fordringer | 9 | 1 149 917 | 998 129 |
| **Sum fordringer** | | **3 190 340** | **2 763 952** |
| Bankinnskudd, kontanter o.l. | 10 | 11 605 064 | 8 878 332 |
| **Sum omløpsmidler** | | **14 916 824** | **11 785 834** |
| **Sum eiendeler** | | **19 879 493** | **17 025 338** |

Addo Sign identifikasjonsnummer: 55897c56-0b79-4e8a-a55c-b5de20268589

# BALANSE

## KRAFTMUSEET - NORSK VASSKRAFT- OG INDUSTRISTADMUSEUM

| EGENKAPITAL OG GJELD | Note | 2022 | 2021 |
|---|---|---|---|
| **EGENKAPITAL** | | | |
| **INNSKUTT EGENKAPITAL** | | | |
| Stiftelseskapital | | 260 000 | 260 000 |
| **Sum innskutt egenkapital** | **11** | **260 000** | **260 000** |
| **OPPTJENT EGENKAPITAL** | | | |
| Annen egenkapital | 11 | 3 371 203 | 3 019 009 |
| Disposisjonsfond | 11 | 3 700 264 | 3 200 264 |
| Fond Vasskrafta.no | 11 | 4 670 | 4 670 |
| Vedlikeholdsfond | 11 | 1 832 225 | 1 499 033 |
| Vedlikeholdsfond FFgt | 11 | 1 000 000 | 400 000 |
| Nettleigefond - fjernvarme | 11 | 653 575 | 653 575 |
| Fond Industriarkiv | 11 | 1 015 699 | 599 464 |
| **Sum opptjent egenkapital** | | **11 577 636** | **9 376 015** |
| **Sum egenkapital** | **11** | **11 837 636** | **9 636 015** |
| **GJELD** | | | |
| **AVSETNING FOR FORPLIKTELSER** | | | |
| Periodisert tilskudd "MY Tysso" | 12 | 170 000 | 190 000 |
| **ANNEN LANGSIKTIG GJELD** | | | |
| Gjeld til kredittinstitusjoner | 13 | 1 902 782 | 1 964 674 |
| **Sum annen langsiktig gjeld** | | **1 902 782** | **1 964 674** |
| **KORTSIKTIG GJELD** | | | |
| Leverandørgjeld | | 803 010 | 1 492 270 |
| Skyldig offentlige avgifter | | 893 009 | 656 422 |
| Påløpt lønn, feriepenger ol. | | 971 932 | 954 592 |
| Forskudd prosjekter | 14 | 2 219 475 | 1 517 074 |
| Annen kortsiktig gjeld | | 1 081 649 | 614 291 |
| **Sum kortsiktig gjeld** | | **5 969 075** | **5 234 649** |
| **Sum gjeld** | | **8 041 857** | **7 389 323** |
| **Sum egenkapital og gjeld** | | **19 879 493** | **17 025 338** |

Odda, 23.02.2023
Styret i Kraftmuseet - Norsk Vasskraft- Og Industristadmuseum

| | | |
|---|---|---|
| Rolf Nesheim<br>Styreleder | Trude Hoflandsdal Letnes<br>Nestleder | Hans Henrik Haukaas<br>Styremedlem |
| Toralv Mikkelsen<br>Styremedlem | Tore Mathias Sellæg<br>Styremedlem | Gro Tyssedalstveit Kollbotn<br>Styremedlem |
| Dijana Milicevic Saga<br>Styremedlem | Ingunn Olsen Mossefin<br>Styremedlem | Liv Eirill Evensen<br>Direktør |

Addo Sign identifikasjonsnummer: 55897c56-0b79-4e8a-a55c-b5de20268589

# Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum
# Noter til regnskapet 2022

## Note 1 Regnskapsprinsipper

Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum er en privat stifting uten økonomisk vinning som formål. Regnskapet er satt opp i samsvar med stiftelsesloven, regnskapslova og god regnskapsskikk for små foretak.

**Driftsinntekter og kostnader**
Inntektsføring ved salg av varer skjer ved leveringstidspunktet. Tjenester inntektsføres etter hvert som de leveres. Ved utarbeidelse av regnskapet er sammenstillingsprinsippet lagt til grunn, slik at kostnader og inntekter er førte på den perioden de gjelder. Inntekter i tilknyttet prosjekt er regnskapsført i takt med fremdriften i prosjektene. Vedlikehold blir utgiftsførte løpende. Det samme gjelder utgifter til utstyr og anlegg.

**Offentlige tilskudd**
Driftstilskudd blir inntektsført brutto og i takt med vilkår som måtte være knyttet til tilskuddet. Tilskudd gitt til spesifikke prosjekt er regnskapsført i takt med fremdriften i prosjektene.

Investeringstilskudd er ført både brutto og netto i balansen ut fra det som gir best informasjon. Bruttoføring vil si at tilskuddet nedskrives i takt med avskrivningen på den anskaffelsen tilskuddet er gitt til. Nettoføring vil si at tilskuddet går til fratrekk i eiendelens kostpris.

**Hovedregel for vurdering og klassifisering av eiendeler og gjeld**
Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk er klassifisert som anleggsmidler. Andre eiendeler er klassifisert som omløpsmidler. Fordringer som skal tilbakebetales innen et år er klassifisert som omløpsmidler. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende kriterier lagt til grunn.

Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi.

Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost, men nedskrives til gjenvinnbart beløp dersom dette er lavere enn bokført verdi, og verdifallet forventes ikke å være forbigående. Anleggsmidler med begrenset økonomisk levetid avskrives planmessig. Ved vurdering av gjenvinnbart beløp og avskrivningsprofil vil anleggsmiddelets bruksverdi (evne til formålsoppnåelse) bli tillagt vekt i tillegg til økonomiske vurderinger.

**Bevaringsverdige eiendeler**
Historiske bygninger og andre bevaringsverdige eiendeler er oppført i balansen til anskaffelseskost. Vedlikehold og kostnader for å bringe bevaringsverdige eiendeler tilbake til opprinnelig stand, kostnadsføres løpende under driftskostnader.

**Varige driftsmidler**
Varige driftsmidler balanseføres og avskrives lineært over driftsmidlenes forventede levetid dersom de har en antatt levetid over 3 år og har en kostpris som overstiger kr 15 000. Vedlikehold av driftsmidler kostnadsføres løpende under driftskostnader. Påkostninger eller forbedringer tillegges driftsmidlets kostpris og avskrives i takt med driftsmidlet.

**Finansielle anleggsmidler**
Investeringer aksjer og andre verdipapirer er vurdert etter kostmetoden. Investeringene blir nedskrevet til virkelig verdi dersom verdifallet ikke er forbigående.

**Fordringer**
Kundefordringer og andre fordringer er oppført i balansen til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av en individuell vurdering av de enkelte fordringer.

Addo Sign identifikasjonsnummer: 55897c56-0b79-4e8a-a55c-b5de20268589

**Varelager**
Varer er vurdert til laveste av anskaffelseskost og netto salgsverdi.

**Pensjoner**
Pensjonsordninger finansiert via sikrede ordninger er i tråd med god regnskapsskikk for små foretak ikke balanseført. Pensjonspremien anses i disse tilfeller som pensjonskostnad og klassifiseres sammen med lønnskostnader.

**Skatter**
Stiftelsen er fritatt for skatteplikt etter skatteloven § 2-32 første ledd.

**Endring av regnskapsprinsipp**
Det har ikke vært endringer i regnskapsprinsipper i regnskapsåret.

## Note 2 Spesifikasjon av offentlige tilskudd Stat, Fylke og andre

| | 2022 | 2021 |
|---|---|---|
| Tilskudd fra Kulturdep. | 7 490 000 | 7 449 000 |
| Tilskudd fra Fylkeskommunen | 3 918 342 | 3 492 668 |
| Tilskudd fra NVE | 1 945 405 | 2 540 084 |
| Tilskudd fra Tyssefaldene/ Statskraft | 827 869 | 785 519 |
| Tilskudd fra andre | 70 000 | 38 070 |
| **Sum inntekter tilskudd** | **14 251 616** | **14 305 341** |

## Note 3 Lønnskostnad, antall ansatte, godtgjørelser, lån til ansatte mm

| | 2022 | 2021 |
|---|---|---|
| Netto lønnskostnader | 8 233 118 | 8 361 840 |
| Styrehonorar | 111 500 | 28 500 |
| Arbeidsgiveravgift | 1 036 222 | 1 088 485 |
| Pensjonskostnader | 1 168 234 | 1 484 910 |
| Andre personellkostnader | 123 801 | 136 346 |
| **Sum personellkostnader** | **10 672 875** | **11 100 081** |
| | | |
| Antall årsverk sysselsatt i regnskapsåret | 16,3 | 16,1 |

Museet er pliktig til å ha tjenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenestepensjon. Museets pensjonsavtale tilfredsstiller kravene i denne loven.

| Ytelser til ledende personer | Lønn | Pensjons-kostnader | Annen godtgjørelse |
|---|---|---|---|
| Direktører | 743 371 | 150 399 | 7 182 |
| Styre | 0 | 0 | 0 |

Det er ikke ytt lån eller stillet sikkerhet for ansatte eller tillitsvalgte i museet. Ingen ansatte har avtale om bonus eller særskilt vederlag ved opphør eller endring av ansettelsesforhold.

**Revisor**
Godtgjørelse til revisjon utgjør i 2022 kr 74 600 eks. mva. Godtgjørelse for andre tjenester utgjør kr 23 400 eks. mva.



Addo Sign identifikasjonsnummer: 55897c56-0b79-4e8a-a55c-b5de20268589

# Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum
# Noter til regnskapet 2022

## Note 4 Varige driftsmidler

| | Bygninger og annen eiendom | M/Y Tysso | Driftsløsøre, transport-midler, inventar og lignende. | Sum |
|---|---|---|---|---|
| Anskaffelseskost 01.01 | 9 900 800 | 400 000 | 2 650 082 | 12 950 882 |
| Tilgang kjøpte driftsmidler | 0 | 0 | 48 680 | 48 680 |
| Tilgang egentilvirkning bygninger | 0 | 0 | 0 | 0 |
| - Avgang | 0 | 0 | 0 | 0 |
| - Mottatt offentlige investeringstilskudd | -4 867 019 | | -123 664 | -4 990 683 |
| Anskaffelseskost 31.12 | 5 033 781 | 400 000 | 2 575 098 | 8 008 879 |
| Akkumulerte avskrivninger 01.01. | -899 984 | -210 000 | -2 002 817 | -3 112 801 |
| Akkumulerte avskrivninger 31.12. | -1 097 323 | -230 000 | -2 192 184 | -3 519 507 |
| **Bokført verdi** | **3 936 458** | **170 000** | **382 914** | **4 489 372** |
| | | | | |
| Årets avskrivninger | 197 339 | 20 000 | 189 367 | |
| Tilbakeført periodisert investeringstilskudd | | -20 000 | | |
| **Årets netto bokførte avskrivninger** | **197 339** | **0** | **189 367** | **386 706** |
| Avskrivningssats | 1% - 10% | 5 % | 15% - 33,3% | |
| Avskrivningsplan | lineær | lineær | lineær | |

## Note 5 Investeringer i aksjer og andeler

Museet eier aksjer og andeler i følgende selskaper. Aksjer og andeler er langsiktige investeringer i samarbeidspartnere og er bokført til anskaffelseskost

| **Selskap** | **Anskaffelses-kost** | **Bokført verdi** | **Eierandel** |
|---|---|---|---|
| Reisemål Hardanger | 2 000 | 2 000 | < 10% |
| Fossenes Dal | 2 500 | 0 | < 10% |
| | | | |
| Sum | 4 500 | 2 000 | |
| | | | |
| Egenkapitalinnskudd KLP | | 471 297 | |
| **Sum** | | **473 297** | |

## Note 6 Varelager

Varelageret består av kioskvarer, bøker for videresalg og beholdning av billetter. Verdien av varelageret er sett til innkjøpspris for varene. Ukurante varer er nedskrevet til virkelig verdi

| **Varer** | **2022** | **2021** |
|---|---|---|
| Opptalt varebeholdning bøker og billetter | 134 150 | 156 870 |
| Ukurans | -12 730 | -13 320 |
| **Sum** | **121 420** | **143 550** |

Addo Sign identifikasjonsnummer: 55897c56-0b79-4e8a-a55c-b5de20268589

## Note 7 Kundefordringer

Kundefordringer er vurderte til pålydende etter avsetning til tap på usikre fordringer.

| Kundefordringer | 2022 | 2021 |
|---|---|---|
| Kundefordringer til pålydende | 367 309 | 822 850 |
| Opptjente ikke fakturerte inntekter | 371 750 | 82 973 |
| Avsetning til tap på usikre fordringer | 0 | 0 |
| **Sum** | **739 059** | **905 823** |

## Note 8 Fordring på prosjektmidler

Muséet fått tilsagn om tilskudd øremerket bestemte prosjekter som ikke var fullført pr. 31.12.2022. Krav på restutbetaling av tilskudd er periodisert som forskudd på de forskjellige prosjekter slik:

| Prosjekt | Beløp | Tilskudd gitt av: |
|---|---|---|
| Kulturelt Utviklingsprogram | 560 000 | Vestland fylkeskommune |
| Istandsetting Folgefonngata 9 | 150 000 | Stiftelsen UNI |
| Istandsetting Folgefonngata 9 | 361 364 | Vestland fylkeskommune |
| Istandsetting Folgefonngata 9 | 230 000 | Sparebankstiftinga |
| **Sum tilskudd** | **1 301 364** | |

## Note 9 Andre fordringer

Av andre fordringer utgjør andre kortsiktige fordringer kr 613 858, forskuddsbetalt forsikringer og andre forskuddsbetalte kostnader kr 536 059.

## Note 10 Bundne bankinnskudd

Av bankinnskudd utgjør bundne skattetrekksmidler kr 416 470.

## Note 11 Egenkapital

Stiftelseskapitalen er kr. 260 000 pr. 31.12.2022 og er uendret fra 2004.

| | Egenkapital 01.01 | Overført til/ fra fond | Årets resultat | Egenkapital 31.12 |
|---|---|---|---|---|
| Stiftelseskapital | 260 000 | | | 260 000 |
| Annen egenkapital | 3 019 009 | | 352 194 | 3 371 203 |
| Disposisjonsfond | 3 200 264 | | 500 000 | 3 700 264 |
| Fond Vasskrafta.no | 4 670 | | 0 | 4 670 |
| Vedlikeholdsfond | 1 499 033 | | 333 192 | 1 832 225 |
| Vedlikeholdsfond FFgt | 400 000 | | 600 000 | 1 000 000 |
| Nettleigefond - fjernvarme | 653 575 | | 0 | 653 575 |
| Fond Industriarkivet | 599 464 | | 416 235 | 1 015 699 |
| **Sum** | **9 636 015** | **0** | **2 201 621** | **11 837 636** |



Addo Sign identifikasjonsnummer: 55897c56-0b79-4e8a-a55c-b5de20268589

## Note 12 Periodisering tilskudd

***Periodisert tilskudd til kjøp av MY Tysso:***
Muséet har mottatt kr 400 000 i offentlig tilskudd til kjøp av MY Tysso. Tilskuddet blir inntektsført i takt med avskrivingene av MY Tysso som avskrives over 20 år. Det er i 2022 inntektsført kr 20 000. Årets inntektsføring av tilskuddet blir tilbakeført mot avskrivningene. Se note 4. Rest periodisert tilskudd pr 31.12.2022 til kjøp av MY Tysso utgjør kr 170 000.

## Note 13 Langsiktig gjeld, pantstillelser og garantier mv.

| Følgende gjeld er sikret med pant i eiendeler: | 2022 | 2021 |
|---|---|---|
| Langsiktig gjeld til kredittinstitusjoner | 1 902 782 | 1 964 674 |
| **Sum pantsikret gjeld** | **1 902 782** | **1 964 674** |

| Bokført verdi av eiendeler stilt som sikkerhet for bokført gjeld til kredittinstitusjoner | 2022 | 2021 |
|---|---|---|
| Bygninger, gnr 60 bnr 334 | 2 641 564 | 2 727 175 |
| **Totalt** | **2 641 564** | **2 727 175** |

Kr 1 541 640 av langsiktig gjeld forfaller senere enn 5 år etter regnskapsårets slutt.

## Note 14 Forskudd prosjekter

Muséet har fått utbetalt tilskudd øremerket bestemte prosjekter som ikke var fullført pr. 31.12.2022. I tillegg har museet mottatt tilskudd til prosjekter som ikke var igangsatt pr 31.12.2022. Den ubenyttede delen av utbetalingene er ført i balansen som kortsiktig gjeld og fordeler seg slik:

| Forskudd tilskudd | 2022 | 2021 |
|---|---|---|
| Prosjekter som ikke var fullført pr 31.12 | 1 817 248 | 1 114 847 |
| Prosjekter som ikke var igangsatt pr 31.12 | 402 227 | 402 227 |
| **Sum** | **2 219 475** | **1 517 074** |

## Note 15 Pensjonsordninger

Museet har inngått er pensjonsavtale med sine ansatte gjennom Kommunal Landspensjonskasse. Det er meldt inn 18 aktive medlemmer og 10 pensjonister i ordningen pr 31.12.2022. Ordningen er en ytelsesplan som finansieres med 2% trekk i lønn fra de ansatte og den resterende del av premien dekkes av muséet.

Pensjonsavtalen gir medlemmer av ordningen rett til en pensjon, inklusiv pensjon fra folketrygden, ved oppnådd pensjonsalder som svarer til 66% av lønn før fratredelse. Alle innbetalinger til forsikringsselskapet blir kostnadsført. For 2022 utgjør denne kostnaden kr 1 168 234 med tillegg av 10,6% arbeidsgiveravgift.

I følge aktuarberegning har museet en estimert, ikke balanseført pensjonsforpliktelse på:

| | 31.12.2022 | 31.12.2021 |
|---|---|---|
| Brutto påløpt pensjonsforpliktelse inkl arbeidsgiveravgift | 26 784 714 | 26 485 685 |
| Pensjonsmidler | -22 345 008 | -22 066 774 |
| Arbeidsgiveravgift | 470 609 | 468 405 |
| Ikke resultatført aktuariell gevinst/ tap | -291 151 | -454 255 |
| **Netto pensjonsforpliktelse inkl arbeidsgiveravgift** | **4 619 164** | **4 433 061** |



Addo Sign identifikasjonsnummer: 55897c56-0b79-4e8a-a55c-b5de20268589

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokumentet er signert med Addo Sign sin sikre digitale signatur. Underskriverens identitet er fysisk registrert i det elektroniske PDF-dokumentet og er vist nedenfor.

## Underskrivere

| | |
|---|---|
| **Gro Tyssedalstveit Ko...** Styremedlem — 9578-5997-4-2461604, 23.02.2023 12.48 | **Liv Eirill Evensen** Direktør — 9578-5999-4-1822707, 23.02.2023 13.05 |
| **Rolf Nesheim** Styreleder — 9578-5997-4-1389174, 23.02.2023 13.13 | **Tore Mathias Sellæg** Styremedlem — 9578-5992-4-3065013, 23.02.2023 13.37 |
| **Dijana Milicevic Saga** Styremedlem — 9578-5999-4-2199883, 24.02.2023 10.53 | **Hans Henrik Haukaas** Styremedlem — 9578-5990-4-3531951, 24.02.2023 13.27 |
| **Ingunn Olsen Mossefin** Styremedlem — 9578-5997-4-696695, 24.02.2023 22.31 | **Toralv Mikkelsen** Styremedlem — 9578-5999-4-1237867, 25.02.2023 12.58 |
| **Trude Hoflandsdal Le...** Nestleder — 9578-5995-4-156738, 27.02.2023 08.00 | |


Addo Sign

Dokumentet er digitalt signert med Addo Sign sikker signeringstjeneste. Signaturbeviset i dokumentet er sikret og validert ved å bruke den matematiske hash-verdien til originaldokumentet.

Dokumentet er låst for endringer og tidsstemplet med et sertifikat fra en klarert tredjepart. Alle kryptografiske signeringsbevis er innebygd i PDF-dokumentet i tilfelle de skal brukes til validering i fremtiden.

**Hvordan verifisere ektheten til dokumentet**

Dokumentet er beskyttet med et Adobe CDS-sertifikat. Når dokumentet åpnes i Adobe Reader, vil det se ut til å være signert med Addo Sign signeringstjeneste.

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokumentet er signert med Addo Sign sin sikre digitale signatur.
Underskriverens identitet er fysisk registrert i det elektroniske PDF-dokumentet og er vist nedenfor.

## Dokumenter i transaksjonen

| | |
|---|---|
| Årsregnskap 2022 Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum.pdf | *Dette dokumentet* |

Addo Sign

Dokumentet er digitalt signert med Addo Sign sikker signeringstjeneste. Signaturbeviset i dokumentet er sikret og validert ved å bruke den matematiske hash-verdien til originaldokumentet.

Dokumentet er låst for endringer og tidsstemplet med et sertifikat fra en klarert tredjepart. Alle kryptografiske signeringsbevis er innebygd i PDF-dokumentet i tilfelle de skal brukes til validering i fremtiden.

**Hvordan verifisere ektheten til dokumentet**
Dokumentet er beskyttet med et Adobe CDS-sertifikat. Når dokumentet åpnes i Adobe Reader, vil det se ut til å være signert med Addo Sign signeringstjeneste.